

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
063/15	Formannskapet	PS	06.05.2015
047/15	Kommunestyret	PS	20.05.2015

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FE - 223, TI - &01	14/1710

Utbyggingsavtale mellom Austrheim kommune og Geir Daae om vassframføring til byggefelt på Gnr 147, Toftegård

Vedlegg

Utbyggingsavtale Geir Daae

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar utbyggingsavtalen med Geir Daae på gnr 147 Toftegård slik han ligg føre.

Formannskapet - 063/15

FS - behandling:

Fellesframlegg:

Kommunestyret vedtar utbyggingsavtalen med Geir Daae på gnr 147 Toftegård med fylgjande nytt nest siste ledd og siste ledd:

Ved overtakinga skal det liggje føre ein overtakingsprotokoll.

Beløpet kan først bli utbetalt til Geir Daae når innbetalt tilknytningsavgift for nye abonnenter innanfor anlegget er innbetalt. Det kan gjerast delutbetalingar av beløpet ettersom det er dekning anten med innbetalt tilknytningsavgift eller det er anna budsjettmessig dekning. Det skal lagast overtakingsprotokoll for anlegget, og utbyggingsavtalen skal underskrivast før utbetaling kan skje.

Fellesframlegget vart saamrøystes tilrådd.

FS - vedtak:

Kommunestyret vedtar utbyggingsavtalen med Geir Daae på gnr 147 Toftegård med fylgjande nytt nest siste ledd og siste ledd:

Ved overtakinga skal det liggje føre ein overtakingsprotokoll.

Beløpet kan først bli utbetalt til Geir Daae når innbetalt tilknytningsavgift for nye abonnenter innanfor anlegget er innbetalt. Det kan gjerast delutbetalingar av beløpet ettersom det er dekning anten med innbetalt tilknytningsavgift eller det er anna budsjettmessig dekning. Det skal lagast overtakingsprotokoll for anlegget, og utbyggingsavtalen skal underskrivast før utbetaling kan skje.

Kommunestyret - 047/15

KS - behandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Kommunestyret vedtar utbyggingsavtalen med Geir Daae på gnr 147 Toftegård slik han ligg føre.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

I K-sak 155/14 vedtok kommunestyret å dekke materiell, prosjektering, sprenging og rørleggarkostnad for vassanlegget til bustadfeltet til Geir Daae på Gnr 147 Toftegård. Vedtaket vart klaga inn til Fylkesmannen som lovlegkontroll. Kommunestyret handsama krav om lovlegkontroll 4. februar 2015 der dei oppretthaldt vedtaka sine. Saka vart sendt til Fylkesmannen for endeleg handsaming. I brev datert 15.04.2015, informerer Fylkesmannen om si avgjerd om at kommunestyret sitt vedtak er gyldig.

Når dette no er avklart, legg rådmannen fram forslag til utbyggingsavtale med Geir Daae.

Vurdering

Folkehelse

Miljø

Økonomi

Beløpet det vart gjort vedtak om var 87 384,- kr. I tillegg vart det gitt momsrefusjon etter

justeringsregelen.

Det er ikkje løyvingar på budsjettet i 2015 for slike føremål. Rådmannen si løysing er at det vedtekne beløpet vert utbetalt når abonnentar har betalt inn tilknytingsavgifter som dekkar beløpet. Det vert og laga overtakingsprotokoll der kommunen overtek ansvar for vassleidningen fram til tilkoplingskumma. Kommunen vil då stå som eigar av infrastrukturen og kan nytta midlar over investeringsbudsjettet.

Konklusjon

Kommunestyret vedtar utbyggingsavtalen med Geir Daae slik han ligg føre.